

Generelle reglar

vedteke i kommunestyret 14. februar 2019

1. Kommunalt tilskot kan gjevast til alle lag som driv kulturarbeid innan kommunen. Aktivitetar for barn og unge vert prioriterte.
2. Kulturarbeid som vert drive regionalt kan også få stønad dersom det har positiv verknad for innbyggjarane i Årdal, og ikkje kjem inn under andre støtteordningar.
3. Organisasjonar som arbeider for medlemmane sine yrkesinteresser eller økonomiske interesser, samt partipolitiske organisasjonar, har ikkje rett til stønad. Det vil bli stilt strengare krav for tildeling til einskildpersonar og/eller der formålet må karakteriserast som næring og/eller ha eit kommersielt siktemål.
4. Årdal kommune kan også gje stønad til tiltak som konsertar, utstillingar, kulturkveldar eller andre kulturaktivitetar.
5. Einskildpersonar, som driv ein kulturaktivitet som kjem innbyggjarane i kommunen til gode, kan motta stønad.
6. Alle lag som søker stønad pliktar å legge fram sine vedtekter, budsjett, rekneskap og medlemsliste. Leiar må underteikne søknaden. Ufullstendige søknader vert avslegne.

1. Grunnstønad, søknadsfrist 1. mars.

Alle lag og organisasjonar som kjem inn under punkt 1, og har minst 15 medlemmer, kan søkje grunnstønad. Stønaden vert utrekna slik:

For dei fyrste 50 barn/ unge under 18 år	kr 120,- per medlem
For dei neste 250 barn/ unge under 18 år	kr 60,- per medlem
For barn/unge utover 300	kr 35,- per medlem
For dei fyrste 50 vaksne medlemene	kr 30,- per medlem
For dei neste 250 vaksne	kr 10,- per medlem
For vaksne medlemmer utover 300	kr 5,- per medlem

2. Tilskot til arrangement, aktivitet, prosjekt og opplæring, søknadsfrist 1. mars og 1. september.

Lag/organisasjonar kan søkje om stønad til arrangement og andre kulturtiltak, deltaking på kurs, eller spesielle prosjekt.

- Aktiviteten må vere med i laget sin årsplan
- Budsjett må vere lagt ved søknaden
- Stønaden kan ikkje overskride 50% av kostnadene ved arrangementet
- Ved deltaking på kurs/ konferansar kan 50% av kostnadene inntil kr. 6.000,- verte dekt.

3. Nyskipling av lag

Lag som vert skipa kan søkje om stønad på opp til kr 2.000,-.

4. Delegert avgjerdsmynde

Samla tildeling av kulturmidlar skal handsamast i formannskapet, og dei vert lyste ut i lokalpressa om lag 14 dagar før.

Rådmannen får delegert fullmakt til å handsame einskildsaker og tildele aktivitetsstønad og prosjektstønad på inntil kr 10.000,-.